



Arkivnr: 2016/96-7

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		02.06.2016
Fylkesutvalet		23.06.2016

Søknad frå Halnekongen A/S om ruteløyve for Halnefjorden

Samandrag

Halnekongen A/S har søkt om ruteløyve for Halnefjorden. Saka gjeld vidareføring av etablert rutedrift av marginalt volum, som det ikkje frå noko kjent hald er merknader til. Fylkesrådmannen rår til at søknaden vert imøtekomen.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tildeler Halnekongen A/S, org.nr 989 575 473, ruteløyve for persontransport med fartøy på Halnefjorden.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 19.05.2016**Bakgrunn**

Halnekongen A/S, org.nr 989 575 473, har søkt om ruteløyve for Halnefjorden. Fylkesutvalet skal som ruteløyvestyresmakt behovsprøve søknaden.

Saksopplysningar

Rutetransporten gjeld 1-2 daglege rundturar i juli og august med ein båt godkjent for 24 passasjerar.

Halne Fjellstova AS hadde for perioden 2006-2015 likt ruteløyve som det Halnekongen søker om. Dei to verksemdene har i løyveperioden – som ikkje kan vere lengre enn 10 år - hatt same eigarar og dagleg leiar. Eigarane sel no Halne Fjellstova, men vidarefører eigarskapstilhøvet til Halnekongen. Det vil seie at søknaden i realiteten gjeld vidareføring av eit eksisterande, etablert ruteløyve.

Halnefjorden er ein innsjø i Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde (SHL). Praktisk talt heile fjorden ligg i Nore og Uvdal kommune i Buskerud, men Hordaland fylkeskommune er etter lova løyvestyresmakt. Den omsøkte ruta sitt endepunkt i Hordaland ligg ca 200m unna Halne Fjellstove og Riksveg 7. Buskerud fylkeskommune har i si fråsegn inga merknader til den aktuelle søknaden.

For SHL gjeld ei eiga forskrift som vert forvalta av Fylkesmannen i Hordaland (FMH). Forskrifta inneheld føresegn om motorferdsle i SHL. Dette avgrensar fylkeskommunen sitt høve til å setje vilkår for ruteløyve der. Fylkesmannen har ikkje kome med fråsegn til søknaden.

Vurdering

Saka gjeld rutedrift av marginalt volum. Fordi praktisk talt alle sider ved motorferdsle i Halnefjorden vert forvalta av FMH, konsentrerer fylkesrådmannen seg i si vurdering om behovet for det omsøkte ruteløyvet. Fordi praktisk talt heile Halnefjorden ligg i Buskerud, legg fylkesrådmannen ekstra vekt på fråsegna frå Buskerud fylkeskommunen. Då denne er utan merknader, og fylkesrådmannen heller ikkje har merknader, rår fylkesrådmannen til at søknaden frå Halnekongen vert imøtekomen.